



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for juni 2019.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
54



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Vegard Gjerde
Visepres:	Bjørn Teigene
Sekretær:	Knut Strømsjordet
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Sverre Jarl Ulstein
Styremedlem:	Oskar Grimstad
Ansv.red.:	Åge Nytun
Referent:	Johan Ole Brandal

Sol, sommer og måneskin

Sol, stjerner og måneskinn
det er det det er snakk om.

Livet - som er så vakkert og så sårt.
Så vanskelig å beskrive,
vansklig å verbalisere ,
vansklig å leve.

Dog så lett å kommunisere om livet,
dets mening og dets betydning.
Alt fra jobb og familie
til det mer forundelige.

Det er jeg som er viktigst i livet mitt.
Hvordan kan man glemme det,
og knapt nok ha drømt det?

Livet opererer på de merkelige måter,
uforståelig og urettferdig, smertefulle gåter.

Etter mye arbeid og mange tanker
lysner det - mitt hjerte banker.
Litt ut av det blå,
blant sol, stjerner og måneskinn
er det jeg som er i livet mitt nå.

Av -Livet

Referat frå Rotarymøte 3. juni 2019.

Møtet opna som vanlig med song, og den songen som vart sungen denne dagen var "La oss leve for kvarandre" (Til nynorsk av Ivar Grimstad)

Etter song og nokre opplysningar frå presidenten, gjekk ordet til Sverre Bjåstad.

Sverre hadde tatt på seg oppdraget greie ut om dei planlagde gapahukane langs Rotarystien.

Rotary Hareid hadde nemlig tatt på seg oppgåva med å oppføre 2 gapahukar ved Rotarystien. Den eine ved Hareidselva/nordaust-enden av Gimstadvatnet og den andre ved demningane, der Kaldholelvtek til.

Sverre hadde hatt drøftingar med grunneigarane, som var Håvard Grimstad og Kjell Peder Overvåg, Terje Kaldhol og Asbjørn Vatne.

Grunneigarane var positive til tiltaket, men hadde som vilkår at inngrepa i naturen skulle vere minst mogelig og at gapahukane skulle kome flest mogelig til nytte.

Det vart også presisert at området måtte haldast ryddig og fritt for avfall.

Gapahukane skal leverast frå Sønnesyn sag, som ligg i Luster kommune.

Sagbruket har godt ord på seg, som leverandør av høgverdige treprodukt.

Leverandøren vil sjølve transportere gapahukane til Hareid, og vere med å leie monteringa på fundamentet.

Fundamentet vil vere store, tilrettelagde steinar, utan betong.

Entreprenørbedrifta Brekke og Kleppe har sagt seg villige til å få fundamentet på plass, innkludert avretting.

Den gapahuken som skal vere i Kaldholen blir levert sommaren 2019, medan nr 2 blir levert våren 2020.

Vi vonar dei nye gapahukane vil bli eit godt tilskot til Rotarystien.

Referat frå Rotarymøte 10. juni 2019.

2. Pinsedag og dermed møtefritt.

Referat frå Rotarymøte 17. juni 2019.

Dette var siste ordinære Rotarymøtet i året, neste møte 24.06.19 er det Presidentskifte og fest på Pakkhuset i Brandal.

Som vanlig opna møtet med song, denne gongen med songen "Syng kun i din ungdoms vår"

Innkomande president Bjørn Teigene fekk ordet og presenterte komiteelista og gjorde greie for planane sine for det nye Rotaryåret.

Han inviterte også alle Rotarymedlemmane til å ta med fylje til festen og presidentskifte, den 24. juni.

Mål for det nye året var:

- 2-3 dugnadars på Rotarystien.
- Prøve å gjere dugnadane så effektive som mogelig.
- Styrke renomeet til Rotary.
- Rekrutere 3 nye medlemmar, helst fleire.
- Få på plass dei 2 nye gapahukane.
- Barneheimen i Peru, Antionette Meo. Klubben har bedt om meir avklaring av kostnadane i samband med renovering av dusj og sanitæranlegg.
- Arbeide for lys langs Rotarystien. (Dette må i så fall avklarast med grunneigarane og bygdefolket ellers.)

Aktivitet på kvennhuset.
Vere positive til lokale prosjekt.
Guvernørbesøk og / eller distrikts guverør
Sommarope på klubbhuset i samband med ferie. Otto syter for å åpning
og låsing.

Den nye presidenten fekk råd om å modere planane slik at ein ikkje gaper over for mykje.
Til sist fekk leiaren i programkomiteen ordet og gjorde greie for komiteen sine planar for året.

Referat frå Rotarymøte 24. juni 2019.

Pakkhuset var vakkart pynta og borda var dekka til fest.

Den innbydande rekemenyen med tilbehør stod klart og dei frammøtte var i god feststemning..

Denne kvelden hadde vi også kjekt besøk av distriktsguvernør Arvid Blindheim, som helsa festlyden med gode ord om Rotary sitt arbeid generelt og distrikt 2305 spesielt.

Seremonimeister Johan Ole Brandal takka utgåande president Sverre Jarl Ulstein med vel utført president-gjerning og helsa den nye presidenten Bjørn Teigene velkommen som ny president for Hareid Rotaryklubb. Bjørn takka for tilliten og lova å gjøre sitt beste i vervet.

Han gjorde også kort greie for planane for det nye Rotayåret og bad om råd å innspel som kunne gjøre Rotary endå meir attraktiv for eventuelle nye medlemmar.

Så var det mat, og praten gjekk lystig langs borda.

Etter eit par timer byrja dei frammøtte å takke for seg, og festkomitten tok til å rydde.

Vi takkar alle for frammøte og festkomiteen for ein flott arrangert fest.

